

19.12.2018

## Vurdering miljø, Seim Skyttarlag 15 m miniatyrbane innandørs

Prosjektet er bygging av ny bygning med innandørs 15 m bane miniatyrskyting og lager. Materialval er tradisjonell betongmur, reisverk og kledning i tre. Øvrige funksjonar opp mot anlegget ligg i eksisterande skyttarhus like ved sidan av.


Bygningen har begrensa behov for varme. Det er lagt opp til varmekablar i hovudrom og 4 stykk varmepumper. Belysning for sjølve innandørsbana vil bli nytta led-armatur.

Det er ikkje utarbeidd konkrete miljømål for prosjektet. Skyttarlaget v/Jan Ole Seim opplyser at det vil bli gjennomført kjeldesortering under bygging, samt utarbeida avfallsplan. Byggjstart er planlagt tidlegast 1/9 2019, slik at avfallsplan ikkje er laga på det tidspunkt søknad om spelemidler vert sendt. Skyttarlaget opplyser at dei tek sikte på ein avfallsplan med 90% sorteringsgrad under bygging.

Lona skyteanlegg ligg like ved RV 57 med moglegheit for kollektiv transport både sørfrå og nordfrå. RV 57 har per i dag ikkje gang/sykelsti i dette området.

Skyteanlegget ligg skjerma frå vegen utan innsyn, og det er ingen annan bebyggelse i nærleiken. Då dette er eit innandørsanlegg vil aktiviteten ikkje medføra endra forhold for miljø, grunnvatn og biologisk mangfald i området.

Knarvik 19.12.2018



---

Atle Vaage, fagleiar idrett og grønt